

Meland kommune

Dato: 03.10.2016
Vår ref.: 2016/5254-20
Saksbehandlar: josfare
Dykkar ref.:

Intensjonsavtale om vidareføring og styrking av tenester frå Business Region Bergen

Eigarane i Business Region Bergen og Hardangerrådet, har i fellesskap utarbeidd eit framlegg for å ivareta og styrke nokre av tenestene frå Business Region Bergen. Dette gjeld i hovudsak Etablerersenteret og prosjektet «Invest in Region Bergen».

Hordaland fylkeskommune tar no hovudansvaret for dei to prosjekta i eit spleiselag med kommunane. Fylkeskommunen ønskjer at alle kommunane i fylket skal ta del i tenestane, men er avhengig av ei felles finansiering for å få til dette.

Det er lagt opp til følgande finansieringsmodell:

Kommunane: kr 7 pr innbyggjar

Fylkeskommunen: kr 7 pr innbyggjar

Finansieringa syter for lønn til dei tilsette, kostnader til kurs og reiser, og eventuelle investeringar som kan styrke dei to prosjekta.

Hordaland fylkeskommune ber om at kommunane signerer og returnerer vedlagte intensjonsavtale gjeldande finansiering, innan 1. desember.

Fylkeskommunen er avhengig av å få på plass desse avtalane snarleg for å sikre ei saumlaus vidareføring av prosjekta.

Hordaland fylkeskommune, ved Regionalavdelinga, er opne for dialog kring intensjonsavtala, både på telefon, møter og kan òg stille i Kommunestyra for å informere om tenestene.

Endeleg samarbeidsavtale for dei to prosjekta vert utarbeidd frå 2017.

Organisering

Hordaland fylkeskommune vil nytte dei to prosjekta til å auke kapasitet, avlaste og styrke dei tiltaka som er operative i fylket i dag. Dette gjeld særleg det arbeidet som vert utført innan Etablererrettlegg og etablererkurs.

Gjennom satsinga på Kom-an.no tilbyr fylkeskommunen i dag kompetanseheving og møteplassar for etablererrettleggjarar i kommunane. Vidare løyver fylkeskommunen midlar til ulike etablererkurs i regionane, mellom anna i regi av Regionråda og næringshagane. Dette arbeidet skal fortsette dei komande åra, men fylkeskommunen ser på det som ein styrke å sjå dette i samheng med «Etablerersenteret» si verksemd. Etablerersenteret skal tilby kursa sine ute i regionane, i samarbeid med dei etablerte aktørane, som til dømes Regionråda og næringshagane. Ressursane i Etablerersenteret vil òg kunne vere gode samarbeidspartnarar for kommunane i problemstillingar knytt til etablering.

«Invest in Region Bergen» ivaretar det nasjonale programmet til Innovasjon Norge «Invest in Norway» for Hordaland. Prosjektet skal tiltrekke seg nasjonale og internasjonale næringsetableringar til fylket, og vil vere kommunane sitt felles mottaksapparat for investeringsinteressantar. Prosjektet er fortsatt under utvikling, men har allereie hausta gode skotsmål frå Innovasjon Norge sentralt.

Begge prosjekta vil ha ei eiga styringsgruppe som representerer kommunane. Denne styringsgruppa vil ha ansvaret for dei driftsrelaterte oppgåvene for prosjektet.

Den strategiske utviklinga for dei to prosjekta vil verte tema på eit eller fleire av ordførarmøta som vert haldt årleg. Kommunane vil slik ha gode moglegheiter for å utvikle og evaluere resultatata for dei to oppgåvene.

Kontaktpersonar:

Bård Sandal, Fylkesdirektør for Regional utvikling: bard.sandal@hfk.no, tlf: 97051716

Mette Nora Sætre, Næringssjef: mette.nora.sætre@hfk.no, tlf: 99509724

Jostein Farestveit, rådgjevar næringsutvikling: jostein.farestveit@hfk.no, tlf: 40916224

Med helsing

Rune Haugsdal
Fylkesrådmann

Bård Sandal
Fylkesdirektør Regional utvikling

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Avtaletekst kommunane - vidareføring BRB
- 2 Notat om organisering og finansiering -vidareføring av oppgåver i BRB - revidert 19.09.2016